



Tema 2025: Korleis verkar eit tre?

**Elevane kan velje mellom
tre ulike oppdrag:**

- 1 Her bur mini-Kong(l)en
- 2 Bladforma til trea
- 3 Treet fortel

Læreplanverket

Overordna del

Felles for oppdraga er at de oppfyller læreplanverkets overordna del om opplæringas verdigrunnlag:

- 1.4 Skaparglede, engasjement og utforskartrong
- 1.5 Respekt for naturen og miljøbevisstheit

Læreplaner i fag

For hvert oppdrag har vi sett kompetansemål som oppgåva dekker. Som lærar står du likevel fritt til å legge til kompetansemål eller gjere justeringar i oppdraget slik at det treff dine elever bedre.



Tema 2025: Korleis verkar eit tre?

Oppdrag 1: Her bur mini-Kong(l)en

Gjennom filmen har me vorte kjende med Skogens Kong(l)e (Håvard Lilleheie) som undrast og undersøker korleis eit tre verkar. Tenk dykk følgjande:

Mini-Kong(l)en har komme på besøk til skogen deira like ved skulen. Han er ikkje lett å sjå, for mini-Kong(l)en er berre nokre centimeter høg og sit høgt oppe på ei grein. Han slår ut med armane og seier: – Denne skogen vil eg passa på ei stund! Det er berre eit problem. Mini-Kong(l)en har ikkje nokon stad å bu. De må ut og hjelpa han!

Gå ut i skogen og leit etter ein fin stad der mini-Kong(l)en Håvard kan busetja seg. Bruk blad, pinnar, kongler og andre materiale de finn og lag ein bustad til han. Mini-Kong(l)en treng eit hus og ønskjer seg ein hage der han kan leika og slappa av.

Kompetansemål

Norsk

2. trinn

- uttrykke tekstopplevingar gjennom lek, song, teikning, skrivning og andre kreative aktivitetar

4. trinn

- utforske og formidle tekster gjennom samtale, skrivning, lek, rørsler og andre kreative uttrykk

Naturfag

2. trinn

- utforske og skildre observerbare eigenskapar til ulike objekt, materiale og stoffer og sortere etter eigenskapar

4. trinn

- designe og lage et produkt basert på ein kravspesifikasjon

Kunst og handtverk

2. trinn

- planlegge og konstruere i naturmaterialer etter inspirasjon fra samisk og lokal byggeskikk

4. trinn

- gjennomføre kunst- og designprosesser ved å søke inspirasjon, utforske møglegheiter, gjere val og lage eigne produkt

7. trinn

- bygge og eksperimentere med stabile konstruksjonar





Tema 2025: Korleis verkar eit tre?

Oppdrag 2: Bladforma til trea

I Noreg veks det rundt 30 ulike treslag. Besøk nærsbogen/parken og sjå på alle trea som lev der. Bruk bladkartet og sjå om du finn tre med dei ulike forma på blada.

- Sorter alle blada som klassen har samla etter forma på blada.
- Finn talet av blad med same form.
- Rekn ut andelane av blad med same form i brøk eller prosent.
- Lag statistikk som viser resultatene i til dømes søylediagram eller kakediagram.
- Finn også ut kva artar blada er henta frå.
- Lag til slutt ein plakate eller liknande som viser resultatet av arbeidet, gjerne med ein kreativ vri.

Kompetansemål

Matematikk

2. trinn

- ordne tal, mengder og former ut frå eigenskapar, samanlikne dei og reflektere over om dei kan ordnast på fleire måtar
- utforske, teikne og beskrive geometriske figurar frå sitt eige nærmiljø og argumentere for måtar å sortere dei på etter eigenskapar

4. trinn

- lage rekneuttrykk til praktiske situasjonar og finne praktiske situasjonar som passar til oppgitte rekneuttrykk

5. trinn

- representere brøkar på ulike måtar og omsetje mellom dei ulike representasjonane

7. trinn

- logge, sortere, presentere og lese data i tabellar og diagram og grunngi valet av framstilling
- representere og bruke brøk, desimaltal og prosent på ulike måtar og utforske dei matematiske samanhengane mellom desse representasjonsformene

Naturfag

2. trinn

- presentere funna sine og skildre korleis eleven har komme fram til dei
- utforske og skildre observerbare eigenskaper til ulikeobjekter, materialer og stoffer og sortere etter eigenskaper

4. trinn

- bruke tabeller og figurar til å organisere data, lage forklaringar basert på data og presentere funn

Kunst og handverk

2. trinn

- vise fram og presentere objekt gjennom utstilling eller samling

4. trinn

- formidle og vise fram eige arbeid gjennom utstilling

Ressurser: <https://laeremedskogen.no/temasider/treslag>
<https://laeremedskogen.no/a/plakater-tr%C3%A6r-i-norge>
<https://laeremedskogen.no/a/tegninger-og-skjemaer-til-bruk-i-undervisningen>





Tema 2025: Korleis verkar eit tre?

Oppdrag 3: Treet fortel

Besøk nærslogen eller ein park. Finn eit tre som du synast er spennande eller fint å sjå på. Gå ein runde i området rundt treet og leit etter spor av menneskers ferdsel.

- Tenk deg at dette treet og dei næraste trea rundt, får forteljarstemme. Dei snakkar saman om ei hending, som dei har opplevd med menneske og friluftsliv.
- Teikn eller ta eit bilete av trea.
- Skriv forteljinga og set den inn i snakkeboble(r) på teikninga (eller fotografiet).
- Presenter biletet og forteljinga for dei andre i klassen og gjennomfør ei avstemming på kva historie som skal representera klassen.

Kompetansemål

Norsk

2. trinn

- skildre og fortelje munnleg og skriftleg
- skrive tekstar for hand og med tastatur
- bruke store og små bokstavar, puntum, spørsmålsteikne og utropsteikn i tekstar og samtale om eigen og andres tekstar
- lage tekstar som kombinerar skrift med bileter

4. trinn

- skildre, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg og bruke språket på kreative måtar.
- skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur

Norsk

7. trinn

- skrive tekstar med funksjonell handskrift og med flyt på tastatur
- skildre, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike føremål
- skrive tekster med tydelig struktur og mestre sentrale regler for rettskriving, ordbøying og tegnssetting
- leike med språket og prøve ut ulike verkemidlar og framstillingsmåtar i munnlege og skriftlege tekstar

Kunst og handtverk

2. trinn

- studere form gjennom å teikne, måle og fotografere

7. trinn

- teikne form, flate og rom ved hjelp av verkemidlar som kontrastar, skugge, proporsjoner og perspektiv

